

Innspel budsjett 2026 – Camilla, Eva, Hilde og Laila

Bemanning natt

1. For å ivareta pasientar sine komplekse behov og sikre høg pasientsikkerheit på natt, er det nødvendig med tilstrekkeleg sjukepleiefagleg og helsefagleg kompetanse i nattbemanninga.

- Å ha to sjukepleiarar på natt er essensielt for å sikre dobbelkontroll av legemiddelhandtering , utføre faglege vurderingar og gi nødvendig støtte til kvarandre i avansert klinisk behandling og prosedyre, for å unngå feilmedisinering og behandling.

2. Sjukepleiarar som står åleine eller utan nødvendig fagleg støtte på natt, vert utsett for stort ansvar, høgt stress og auka risiko for feil. Dette svekker arbeidsmiljøet og kan føre til høg turnover, rekrutteringsproblem og aukande sjukefråvær.

- Hareid Kommune har og har over tid hatt utfordringar med å få sjukepleiarar i nattstilling, som har ført til at den sjukepleiaren som er åleine på vakt i kommunen har hatt eit altfor stort ansvar og for høg belastning.

3. Pasient- og pårørandetillit

- Pasientar og pårørande forventar fagkompetanse tilgjengeleg heile døgnet.

- Eit fagleg sterkt natt team bidreg til trygghet , god omsorg og kvalitet og styrkjer omdømmet til Hareid Kommune.

4. God sjukepleiebemanning på natt reduserer behovet for bruk av legevakt, førebygg skader og komplikasjonar og bidreg til meir effektiv drift ved at kliniske problem vert handterte før dei eskalerer. Underbemanning og ufaglært personell fører derfor til auka kostnader og redusert pasientsikkerheit. Sjukepleiarar og helsefagleg personell på natt er ikkje ein ekstra utgift, men ein føresetnad for forsvarleg drift , eit trygt arbeidsmiljø og mindre totale kostnader. Vi anbefaler derfor ei styrking av sjukepleiebemanninga og bruk av helsefagleg personell ved innleige på natt for å sikre fagleg forsvarlege tenester også i framtida.